

Galleriet Kjøpesenter AS
Postboks 7505
5020 BERGEN

Dato: 29.08.2014
Vår ref.: 2014/19846-1
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.:

Reimers & Søns efft., Olav Kyrres gate 1, Bergen kommune. Fredingsforslag til høyring og offentlig ettersyn

I medhald av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd forslag til freding av lokalet til den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns efft., som i dag husar kafeen Anne & JC's Kaffelade i kjøpesenteret Galleriet (gbnr. 166/633, bygningsnr. 9497811) i Bergen. Fredingsforslaget vert med dette sendt på høyring til eigar, leigetakar og Bergen kommune. Forslaget vert òg lagt ut til offentlig ettersyn i Fylkeshuset, Agnes Mowinckels gate 5 i Bergen, og på fylkeskommunen sine nettsider www.hordaland.no. Dette vert kunngjort i Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad.

Vi ber om at eventuelle merknader til fredingsforslaget, som vil følgje saka fram til endeleg avgjerd, vert sendt innan seks veker frå dette brevet er motteke til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen, eller på e-post til hfk@hfk.no

Med helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Fredingsforslag
Kulturminnedokumentasjon

Likelydande brev til eigar, leigetakar og Bergen kommune

Kopi til:
Riksantikvaren
Fortidsminneforeningen, Hordaland avd.